



Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Møtedato: Tysdag 23. januar 2019

Møtestad: Møterom 2. etg. C/O Bergen Byarkiv, Kalfarveien 82, 5022 Bergen

Møtetid: 10.00-14.30

Til stades frå IKA Hordaland:

Dagleg leiar Rune Lothe, Rådgjevar Anita Haugen Lie, Rådgjevar Eirik Netteland, Rådgjevar Helene Reksten, Rådgjevar Knut Kjosås

Til stades frå kommunane:

Kristine Melsbø, Eir Skeie Sandstål, Turid Nå, Anne Dale Austrheim, Eli Galtung Torsnes
Irene Haukeland, Elisabeth Valdersnes, Eva Hamre, Birte Young, Magda Haugen

Saksliste

Saksnr.	Tittel
----------------	---------------

Sak 01/19	Endring i selskapsavtale
-----------	--------------------------

Sak 02/19	Nye depotavtalar frå 2020
-----------	---------------------------

Sak 03/19	Nye eDepotavtalar frå 2020
-----------	----------------------------

Sak 04/19	Oppdragsavtalar og planar for å få arkiva i forskriftsmessig stand
-----------	--

Sak 05/19	Planar for og frist for avslutting, deponering og avlevering til depot
-----------	--

Sak 06/19	Arkivverket sine tilsyn – erfaringar
-----------	--------------------------------------

Sak 01/19 Endring i selskapsavtale

Alle dei 5 nye kommunane vil få tilsendt ny selskapsavtale i løpet av 4Q 2019. Avtala blir vedtatt av representantskapet i april 2018 og gjeld frå 1. januar 2020. Avtala skal bli vedtatt av det nye kommunestyret som blir valt i september 2019. Avtalen må bli vedtatt av den enskilde kommunen innan utgangen av februar 2020 og må godkjennast i Brønnøysundregisteret.

I praksis betyr dette at kommunen lyt syte for at saka blir satt på sakskartet anten i møte i desember 2019 eller i fyrste møte i januar / februar 2020.

Spørsmål: Kva med allereie inngåtte avtalar t.d. oppdragsavtalar m.m. som enno ikkje er ferdigstilt?

Alle avtalar gjort med heimel i eksisterande selskapsavtale, t.d. depotavtalar og oppdragsavtalar, føl i fylge KMD kontinuitetsprinsippet dvs. at den nye kommunen arvar desse uavhengig av om ein ny selskapsavtale kjem på plass eller ikkje. Om kommunen ikkje vedtek ny selskapsavtale er gamal avtale gjeldande dvs. at ein då arvar dei eigardelar og forpliktingar som dei tidligare kommunane hadde inntil ny avtale er på plass eller ein melder uttreden av selskapet.

Spørsmål: Kva skjer dersom kommunen melder uttreden?

Om kommunestyre vedtek å melde uttreden av selskapet, startar prosessen med avvikling av kommunen sitt eigarskap. Skulle dette skje skal ein følgje prosedyrane i IKS lova, samt selskapsavtala og selskapet sine aktiva og passiva skal gjerast opp og arkiv m.m. blir ført tilbake til kommunen seinast 14 dagar etter at uttreden er klarert. Arbeid i høve oppdragsavtalar m.m. blir sluttfakturert og arkiv levert tilbake til kommunen.

Sak 02/19 Nye depotavtalar frå 2020

Alle dei 5 nye kommunane vil få tilsendt ny depotavtale for papirarkiv som blir gjort gjeldande frå januar 2020. Avtala har ingen økonomiske konsekvensar for kommunen utover det som allereie er vedteke i Handlings- og økonomiplanen for 2019-2023.

Avtala er å rekne som ein administrativ avtale og kan bli inngått av den enkelte prosjektrådmann eller den som blir rådmann i den nye kommunen.

Avtala skal signerast elektronisk av rådmann (i den nye kommunen) eller den som har fullmakt til å signere. Vi vil sende ut brev der vi ber om tilbakemelding i høve kven som skal signere.

Ettersom det er stor etterspurnad etter spesialrom for arkivdepot er vi avhengig av at avtala blir signert seinast 4Q 2019.

Sak 03/19 Nye eDepotavtalar frå 2020

Alle dei 5 nye kommunane vil få tilsendt ny depotavtale for digitale arkiv. Avtala blir gjort gjeldande frå januar 2020, men nokre av tenestene vil bli gjort tilgjengelege i løpet av 2019.

Avtala er å rekne som ein administrativ avtale og kan bli inngått av den einskilde prosjektrådmann eller den som blir rådmann i den nye kommunen.

Avtala skal signerast elektronisk av rådmann (i den nye kommunen) eller den som har fullmakt til å signere. Vi vil sende ut brev der vi ber om tilbakemelding i høve kven som skal signere.

Arkivverket har gjennomført tilsyn i fleste av samanslåingskommunane og gjeve pålegg om at ein må etablere eDepot (digitalt depot), med tilhøyrande tenester. For å lukke pålegga er det viktig at avtala vert signert seinast 4Q 2019.

Spørsmål: Kva inneber avtala for den nye kommunen?

Avtala inneber at IKA Hordaland IKS søker medlemskap i *Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter SA* (KDRS - www.kdrs.no) frå 2Q 2019. Vi reknar då å få tilgang til både teknisk infrastruktur og produksjonsløype for eDepot innan 3Q 2019.

Vi vil då starte arbeidet med å ta IT- system, som ikkje lenger er i aktiv bruk men der data frå systema skal bevarast, ut av kommunen sitt driftsmiljø og overføre data til eDepotløysinga. Føremålet er å både tilfredsstille krav i arkivlova med forskrift og redusere den einskilde kommune sine driftskostnadar.

Spørsmål: Kva inneber avtala kostnadsmessig for den nye kommunen ?

Avtala inneber ingen økonomiske konsekvensar for 2019.

Frå 2020 vil medlemskap i KDRS bli dekkja innafor eigartilskotet ettersom dette er eit tilbod som gjeld alle eigarane. I tillegg vil den einskilde kommune yte eit tilskot på om lag 9000,- årlig pr. system som blir forvalta i eDepot. Som ein del av tenesta vil vi og tilby timebasert assistanse ved uttrekk til 552,- pr. time.

Spørsmål: Vil vi få ei eiga tenesteskildring for eDepotavtala og dei tenestene som føl med denne?

Ja, den vil bli lagt ved eDepotavtala, saman med databehandlaravtala.

Sak 04/19 Oppdragsavtalar og planar for å få arkiva i forskriftsmessig stand

Arkivverket har satt ein generell frist i si rettleiinga jf. kommunereforma at det innan 30.08.18, skal føreligge ein framdrifts- og finansieringsplan for å setje arkiva i forskriftsmessig stand.

Lindås, Radøy, Fjell, Os, Sund, Voss, Odda og Jondal hatt tilsyn frå Arkivverket og fått einskilde fristar om å legge fram framdrifts- og finansieringsplan for å setje arkiva i forskriftsmessig stand.

I skrivande stund er det inngått oppdragsavtalar for saksarkiva med 9 (K13) kommunar. Det er ikkje avtalar med Fusa, Voss, Granvin og Jondal. Det er heller ikkje inngått avtalar for kommunane sine personregister. Det er berre Fjell kommune og Alver Barnevern som har inngått oppdragsavtale for personregistera.

Alle dei nye kommunane vil få oppfølging på dette frå oss. Dei som ikkje har inngått avtale vil bli kontakta av oss for avklaringar om korleis vi skal få satt arkiva i forskriftsmessig stand.

Vi gjer merksam på at NOARK- baser også inngår som ein del av arbeidet og skal deponerast saman med papirarkiv til ordning.

Vi gjer merksam på at fagsystem og skal leverast saman med arkiva når ein t.d. leverer personregistera.

Sak 05/19 Planar for avslutting, deponering og avlevering til depot frist 30.07.2020

Arkivverket gjev i rettleiarene for kommunereform, samt i tilsyna, pålegg om å lage plan for avslutting av arkiva til dei «gamle» kommunane og avlevering til depot.

I skrivande stund er det inngått planar for avslutting med dei fleste kommunane for saksarkiv. Planane strekk seg derimot ikkje lenger fram enn perioden i oppdragsavtalane, forutan om Fusa, Voss, Granvin og Jondal. Det er ikkje inngått avtalar for alle personregistera. T.d. er det berre Fjell og Alver Barnevern som har inngått oppdragsavtale for personregistera.

Alle dei nye kommunane vil få oppfølging på dette frå oss. Dei som ikkje har inngått avtale vil bli kontakta av oss for avklaringar om korleis vi skal få lukka deira pålegg.

Sak 06/19 Arkivverket sine tilsyn – erfaringar

Arkivverket har gjennomført tilsyn i Lindås, Radøy, Fjell, Os, Voss, Sund, Odda og Jondal og gjeve ei rekke pålegg med frist før samanslåing. Erfaringane så langt er at tilsyna er nyttige både for oss og for kommunane. Det er derimot store etterslep.

Vi ynskjer å hjelpe dykk med råd og rettleiing i korleis de kan lukke desse pålegga. Ta kontakt med våre kontaktpersonar i høve dei ulike fagområda. Kontaktinfo finn ein på heimesida vår www.ikah.no